

Verv nye medlemmar!

Vi arbeider med å få fleire medlemmar til vår organisasjon. Dess fleire vi er, dess sterkare står vi.

Vi oppfordrar difor alle våre medlemmar, gamle og nye, om å hjelpe å gjere oss sterkare. Her følgjer informasjon som de kan bruke i jakta på nye medlemmar.

Om Norsk Bygdesagforening

Norsk Bygdesagforening er ein medlemsorganisasjon for små og mellomstore sagbruk, og har ca 340 medlemmar fordelte over heile landet. Foreininga har distriktsrepresentantar i alle fylker unntatt Finnmark, og i mange eigne fylkeslag.

Du treng ikkje ha eiga sag for å tegne medlemskap i Norsk Bygdesagforening

Foreininga vart skipa i 1987, og har som formål å arbeide for medlemmenes faglige interesser ved å arrangere kurs, seminar, utferder og fagdagar. Norsk Bygdesagforening sel eit breitt utval av tenester. Vi har eige medlemsblad, Sagbladet (tidlegare NBF-Nytt), som kjem ut 6 gongar i året a 24 sider. Her gjer vi vårt beste for å gi ut den mest aktuelle informasjonen til bygdesagene til ei kvar tid. Dette gjeld både på utstyrssida, produkt, sal og marknadsføring, reportasjar frå fagdagar, kurs og andre arrangement, samt nytt frå offentlege institusjonar som forskning, prosjekt osv.

Vi kan og tilby eigenutvikla programvare, faglitteratur og forskrifter.

Vi arrangerer kurs i alle delar av landet etter behov og ønskje frå medlemmane. Dei mest populære kursa er: Drift av bygdesag, høvelkurs, styrkesortering, HMS, Sal og marknadsføring, tørking. Vi skreddarsyr også kurs for medlemmane etter ynskje og vi utviklar stadig nye kurstypar. Det siste kurset er Grindverksbygging.

Sal for medlemmane

Alle medlemmane er no registrert på våre nettsider: www.sag.no Her marknadsfører vi våre medlemmar og her er mulighet for kundar å legge inn førespurnader. Medlemmar kan dermed gå inn og gje tilbod til den enkelte kunde. På sidene ligg også anna relevant informasjon om bransjen vår. Administrasjonen til foreininga er plassert i Hornindal og vi har i dag tilsett dagleg leiar i full stilling.

Dersom ein ikkje vil vere medlem, er det eit alternativ å abonnere på medlemsbladet om det er av interesse.

Ta gjerne kontakt dersom du lurar på noko.

Tlf: 57 87 66 60

Sekretariatet hold opent alle kvardagar frå 08.30 til 15.30.

Namn på deg som vervar: _____

Send tilbod om medlemskap til:

Namn: _____

Adresse: _____

Postnr. _____ Poststad _____

Telefon: _____

E-post: _____

Opplysningane kan og sendast på E-post til: norbygd@online.no